

Riksarkivaren 10.01.2014

Innspel til budsjettet for 2015, eventuelt revidert budsjett 2014.

Framlegg til signalprosjekt 2015-2017:

Data frå offentleg sektor - nasjonal infrastruktur for bevaring og bruk.

Regjeringa legg stor vekt på at offentleg forvaltning skal digitaliserast, at digitale tenester skal vera førstevalet og at data frå offentleg sektor skal kunna delast og gjenbrukast og kunna vera grunnlag for innovasjon og utvikling av nye tenester. DIFI har ansvar for samordning og etablering av standardar, og utvikling av felleskomponentar og infrastruktur for dette. Riksarkivaren har ansvar for at data frå offentleg forvaltning vert tekne vare på og gjort tilgjengeleg etter gjeldande lover og forskrifter. Riksarkivaren meiner at ein i arbeidet med å bevara og gjera tilgjengeleg data frå offentleg sektor treng ein ny felles infrastruktur. Denne infrastrukturen må sjåast som ein integrert del av den samla infrastrukturen som vert bygd for digitalisering av forvaltninga og for å kunna gje innbyggjarane digitalt førsteval.

Riksarkivaren gjer difor framlegg om å etablera prosjektet "Data frå offentleg sektor - nasjonal infrastruktur for bevaring og bruk" som eit treårig prosjekt for 2015 - 2017. Prosjektet skal gjennomførast i samarbeid med Difi, Kommunenes Sentralforbund, Norsk Arkivråd, kommunale arkivinstitusjonar, interkommunale arkiv, fylkesarkiv, Landslaget for Lokal og privatarkiv og med Norsk Kulturråd. Riksarkivaren har drøfta dette med alle desse instansane, og alle har stilt seg positive til framlegget og vil være med i eit slikt samarbeid. Framlegget støttar godt opp under mål og strategiar som desse har for kvar sine arbeidsfelt.

Målet med prosjektet er todelt.

- 1. Leggja til rette for synkron overføring av data frå forvaltninga til sikkert digitalt depot i Riksarkivet eller i annan institusjon.** Med det meiner vi å etablera ein infrastruktur som gjer det mogeleg at data frå forvaltninga løpande kan overførast til sikkert digitalt depot i Riksarkivet eller annan stad. Når ei sak vert avslutta i eit departement eller i ein kommune, startar rutinar som overfører sak/journalpostar/dokument til digitalt depot. Får å få dette til må det utviklast ein infrastruktur for mottak i depotinstitusjon og ei løysing for overføring av data frå arkivskapar til depot. I praksis kan dette skje ved at offentlege organ får tilbod om å kopla seg opp til ein slik infrastruktur etter avtale med depotinstitusjon og etter faste reglar og standardar. Funksjonar for overføring av data må byggjast inn i dei systema som forvaltninga nyttar for sakshandsaming. Slike funksjonar må utviklast som felleskomponentar basert på open kjeldekode. Prosjektet legg opp til at det skal gjennomførast konkrete pilotar i statleg og kommunal sektor.
- 2. Etablera felles søkeinnang til avleverte digitale data frå offentleg sektor.** Målet er å etablera ei felles søketeneste til avleverte data frå samla offentleg sektor. I første omgang vil ein utvikla dette for data frå såkalla sak-/arkivløysingar basert på Noark-standarden. Arbeidet og erfaringane DIFI har gjort med OEP – Offentleg elektronisk postjournal – og erfaringar med Altinn og andre vellukka prosjekt er modell for dette framlegget. Norge er i ein unik situasjon her fordi ein heilt sidan 1980-talet har hatt ein standard for elektronisk arkivdanning. Noark er ei forkorting for Norsk arkivstandard. Noark vart utarbeidd som ein

kravspesifikasjon for elektroniske journalsystem i statsforvaltninga i 1984. Den etablerte seg raskt som de facto standard. Standarden vart utvikla vidare til ein standard for elektronisk sakarkiv (1998) og til ein generell standard for elektronisk arkivdanning, som gjeld i dag (Noark 5).

For å sikra at både arbeidet med synkron overføring av data (tiltak 1) og arbeidet med felles søkeinnangang til digitale data frå offentleg sektor (**tiltak 2**) får eit breitt og dekkande innhald, vil Riksarkivaren saman med partane i SAMDOK-prosjektet, som var igangsett hausten 2013, kartleggja digitalt skapt materiale i offentleg sektor frå 1985 til ca 2010 og utvikla nye og meir effektive metodar for overføring av dette materialet til digitalt depot. Det vil og vera naturleg å sjå nærare på system som i dag er nytta og vurdera om dei fungerer godt nok i høve til dokumentfangst med meir. Dette for å sikra at alle relevante data vert fanga og kan overførast til digitalt depot.

Kost/nytte

Prosjektet til ha trong for 1 prosjektleiar og 1 koordinatorar for kvart av delprosjekta synkron overføring av data, felles søkeinnangang og ein koordinator for arbeidet med kartlegging av data 1985-2010. 4 stillingar med løn, sosiale utgifter, reiser med meir vil kosta årleg kring 4 millionar kroner.

Det vil vera trong for ressursar til teknisk utvikling. Truleg vil det vera trong for minst 2 heile utviklingsressursar kvart år i 3 år. 4000 timar til ein pris av kr 1500 pr time medrekna moms kan vera eit greitt utgangspunkt. 4000 timer utgjer litt over to årsverk.

	2015	2016	2017	Sum
Løn 4 stillingar	4 000 000	4 000 000	4 000 000	12 000 000
Utvikling av infrastruktur og tekniske løysingar, 4000 timar per år	6 000 000	6 000 000	6 000 000	18 000 000
Sum	10 000 000	10 000 000	10 000 000	30 000 000

I tillegg til dette vil Arkivverket gjennom SAMDOK-prosjektet og elles leggja ressursar inn i arbeidet. Ressursar vil og koma frå dei samarbeidspartane som har sagt seg positive til å delta.

Ein slik infrastruktur som dette prosjektet gjer framlegg om, vil over tid gje store innsparingar for offentleg sektor og fjerna tidstjuvar. Det vil og vera eit viktig tiltak for å vera godt førebudd på arkivmessige konsekvensar av samanslåing av kommunar og nedlegging av fylkeskommunar. Ein vil sikra at data vert tekne vare på og gjort tilgjengeleg på ein effektiv, god og trygg måte. Ein vil og oppnå at data frå offentleg sektor kan bli tilgjengelege som opne data gjennom data.norge.no og vera grunnlag for nye tenester, innovasjon og verdiskaping.

Samarbeid

Som nemnt ovanfor er prosjektet planlagt som eit breitt samarbeidsprosjekt, og det må etablerast i eit samarbeid mellom Kulturdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Sentrale aktørar vil utanom Arkivverket bli DIFI, Kommunenes sentralforbund, kommunale arkivinstitusjonar, arkivorganisasjonar og dei som utviklar it-løysingar retta mot offentleg sektor. Erfaringane DIFI har gjort med OEP (Offentleg elektronisk postjournal) og andre prosjekt vil vera sentrale i gjennomføringa av dette prosjektet. DIFI arbeider og med utvida OEP som skal gje tilgang

til dokumenta i tillegg til journalpostane slik det er i dag. Dette arbeidet har fleire grenseflater mot dette prosjektet og eit nært samarbeid vil vera tenleg og naudsynt.

Kommunenens sentralforbund (KS) har i vedteken strategi fleire mål som fell godt saman med hovudretninga i dette prosjektet. I gjeldande strategidokument skriv dei mellom anna

"KS mener at arbeidet med å bevare arkiver i offentlig sektor er en så omfattende oppgave at det må defineres som et nasjonalt infrastrukturprosjekt. Det bør etableres et samarbeid mellom kommunesektor og stat med det formål å enes om innretning og ansvars plassering når det gjelder digitalisering av arkiv".

KS støttar Riksarkivaren sine tanker slik dei er lagt fram i dette notatet og ser at kommunesektoren vil ha stort utbyte av prosjektet.

Kommunale arkivinstitusjonar arbeider og med ulike prosjekt som vil høva godt saman med tiltaka det er framlegg om i dette notatet. IKA Kongsberg har utgreidd eit prosjekt om felles interkommunal arkivkjerne for mange kommunar plassert i IKA Kongsberg. Medlemskommunane støttar tanken om ei slik samordning av arbeidet med digitalt skapt materiale. Det er naturleg å etablere eit nært samarbeid med dette og andre relevante prosjekt og tiltak som t.d. KDRS (www.kdrs.no).

Konkrete resultat

Tiltak 1 vil gjera det mogeleg å automatisk overføre saker frå statleg eller kommunal forvaltning til sikkert digitalt depot straks sakene er avslutta i forvaltninga. Når ei slik teneste er etablert vil ein unngå at det hopar seg opp store mengder data i forvaltninga som det seinare er både dyrt og komplisert å få overført til sikker lagring.

Gjennom tiltak 2 vil ein etter kvart kunna byggja opp ei teneste som vil gje både forvaltninga sjøl og andre brukarar tilgang til fleire hundre millionar saker og dokument frå offentleg sektor frå kring 1985 fram til nær samtid. Data kan samordnast på nye måtar og Riksarkivet vil sjå nærare på teknologiar knytt til arbeidet med samantiske løysingar som fleire større private og statlege institusjonar no ser på og tek i bruk for å integrere mange ulike datakjelder.

Vedlegg: Bakgrunnsinformasjon

Offentleg sektor som dataproducent.

Offentleg sektor er ein stor produsent av data. Årleg vert store summer brukt til produsere dei data forvaltninga treng til sitt daglege arbeid. Berre i sokalla sak/arkiv-system vert det registrert mange millionar nye saker kvart år med tilhøyrande journalpostar og dokument. I tillegg til dette er svært mange ulike fagsystem i dagleg bruk.

Overgangen frå papirbaserte arkiv til elektroniske arkiv byrja på 1980-talet. I dag har både statleg, fylkeskommunal og kommunal forvaltning i hovudsak fullelektroniske arkiv. Frå 1980-talet og fram til i dag er det produsert mange 10-tals millionar saker og dokument i offentleg sektor. Dette materiale skal takast vare på etter dei retningslinjer som ligg i lovverk og forskrifter. Truleg er det snakk om fleire 100 millionar saker og endå større tal journalpostar og dokument som etter arkivfaglege retningsliner skal takast vare på og vera tilgjengeleg som dokumentasjon. Det er store utfordringar

knytt til arbeidet med å ta vare på og gjera tilgjengeleg slike datamengder. Dette vart og understreka av Riksrevisjonen sin rapport om stoda i kommunane i frå 2010

Arkivmeldinga og SAMDOK-programmet.

For å fylgja opp arkivmeldinga etablerte Riksarkivaren våren 2013 eit breitt samarbeid med sentrale aktørar på arkivfeltet. Programmet fekk namnet SAMDOK-programmet. Kommunes sentralforbund, Norsk Kulturråd, Norsk Arkivråd, Landslaget for Lokal og Privatarkiv og kommunale arkivinstitusjonar som byarkiv, interkommunale arkiv og fylkesarkiv er med i dette samarbeidsprogrammet.

Gjennom arbeidet så langt har det kome tydeleg fram at arbeidet med digitalt skapt materiale er den store uløyste oppgåva. Dette vart og påpeika av riksrevisjonen sin rapport frå 2010. Det er særleg mangelen på ein moderne felles infrastruktur som peikar seg ut som ei hovudutfordring. Framlegget om dette prosjektet som eit felles prosjekt spring soleis ut av drøftingar i SAMDOK-arbeidet hausten 2013.

Endringar i offentleg sektor.

Offentleg sektor er i endring. Store bykommunar går frå mange små system til store fellessystem. Oslo og Bergen er gode døme på det. Kommunar går saman i større fellesskap for innkjøp og drift av løysingar. Store statlege etatar går gjennom sine system og etablerer fellesløysingar. Nokre skal og fungerer på tvers av forvaltningsnivåa. Det føregår på mange vis eit paradigmeskifte drive fram av den digitale utviklinga. Det gjer og at Riksarkivaren meiner tida no er rett og at det hastar å gjennomføra prosjektet slik det er skissert her.

Offentleg elektronisk postjournal.

Det beste dømet me har i dag når det gjeld samkøying av data frå fleire offentlege organ er Offentlig elektronisk postjournal (www.oep.no). Her kan media, forvaltninga og folk flest gjennom eitt register og ei søketeneste få innsyn i den statlege forvaltninga. Her ligg det kring 8 millionar datapostar i dag. I ein eldre versjon av dette, (<http://www.difi.no/artikkel/2012/02/historiske-journalposter-paa-nett>) ligg det ca 8.6 millionar postar. Det er Noark-standarden som har gjort dette mogeleg. Norge har hausta lovord for dette arbeidet. Riksarkivar Ivar Fønnes presenterte saman med Difi OEP på ein stor internasjonal konferanse i London i haust. Tema var Open Government. Innsyn og demokrati. OEP-samarbeidet viser ein veg. Me treng eit utvida samarbeid mellom alle i offentleg sektor. Me treng felles ansvar for infrastruktur og tenestebygging som dekkjer alle fasar i livsløpet til data frå offentleg sektor.

Gode digitale tenester til innbyggjarane, god infrastruktur for bevaring og tilgang til data og lett tilgang til PSI-data for ny næringsutvikling er i høgste grad sider av same sak. Det er dette heilskaplege perspektivet som bør liggja til grunn for arbeidet framover.